

Årsrapport 2016



Innhald:

- Årsmelding frå styret [side 3-8]
- Museum og vitensenter [side 9-10]
- Formidling [side 11-21]
- Forvaltning av samlingane [side 22-23]
- Forskning og kunnskapsutvikling [side 24]
- Resultatrekneskap [side 25-32]
- Revisjonsberetning [side 33-34]

ÅRSMELDING FRÅ STYRET

OMTALE AV VERKSEMDA

Stiftinga Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærbø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

Jærmuseet – møteplassen mellom natur, kultur og teknologi, som forvaltar fortida - fangar samtida – formar framtida

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi, og me inviterer publikum til å utforska kunnskap gjennom aktivitetar og opplevingar. Som vitensenter skal Jærmuseet særleg stimulera barn og unge si nysgjerrigheit, utforskartrong og samfunnsengasjement og auka interessa for teknologi og naturvitskap. Den historiske og regionale forankringa som museum inneber at Jærmuseet formidlar naturvitskap og teknologi innanfor historiske og kulturelle rammeforteljingar der installasjonar og eksperiment blir knytt til regionen si historie og næringsliv.

Jærmuseet fekk i 2016 ei eit internasjonalt anerkjent ekspertteam til å vurdere organisasjonen si formidling og drift, sett i eit internasjonalt og kvalitativt perspektiv. Deira konklusjon var:

Jærmuseet är en i internationellt hänseende fullständigt unik sammansättning av museum och science center där de olika delarna kompletterar och förstärker varandra på ett fint sätt.

Komplexet innehåller ett agrikulturellt inriktat museum och science center, Vitengarden, ett modernt science center med lokalhistorisk och industrihistorisk profil, Vitenfabrikken, ett humanistiskt science center, Garborgsentret, samt flera historiska museer av olika slag.

Denna bredd skapar rika möjligheter till gränsöverskridande samarbete och synergier, något som museet förefaller att kunna utnyttja, och som producerar ett innehåll av högsta internationella klass.



ExxonMobil og Vitenfabrikken har gjennom fleire år hatt eit godt samarbeid. Blant anna har installasjonar blitt bygd til ONS med tanke på bruk i utstillingane på Vitenfabrikken etterpå. Administrerande direktør i ExxonMobil, Morten Mauritzen, opna Human Graph, som først stod på ONS og nå er ein del av Vitenfabrikken si matematikkformidling.

Foto: Arne Bru Haug

Hovudresultat i 2016

2016 har vore eit nytt, godt driftsår for Jærmuseet.

- For tiande år på rad kan me melda om ny besøksrekord – 209.154!, ein auke på 3%.

- Vårt omreisande vitensenter på hjul nådde ut til heile 60 skular frå Sauda i nord til Flekkefjord i sør, samt fleire turar i vesterveg til Island og Færøyane. Jærmuseet Science Circus deltok òg under Arendalsveka på vegne av dei regionale vitensentera.

- I november 2016 var bygesteg 2 av Vitenfabrikken ferdig, og Sandnes kommune kunne overlevera bygget til Jærmuseet. Samla byggekostnad omlag 66 mill, der eksterne bidrag utgjør 30 mill. Dei første utstillingane opnar våren 2017.

- Makerspace på Vitenfabrikken opna i mai 2016. Her får publikum tilgang til ulike typar digitale verktøy som 3D-printer, laserkuttar, vinylkuttar og digital broderisymaskin. Det blir særleg lagt til rette for ungdommar som har gratis tilgang til utstyr og kurs kvar onsdag. I tillegg til aktivitetar til det almenne publikum har BufDir gitt 1,4 mill. over tre år til Ungdomsmakerspace.

- Den digitale Garborgløypa på Knudaheio, Garborgheimen og Time kyrkje opna i april og har blitt godt motteken. Via eigne mobiltelefonar eller nettbrett kan museumsgjestene

våre oppleva scenar frå Arne Garborgs liv og verk uavhengig av opningstider.

- Arbeidet med det maritime vitensenteret Vitenvågen hadde god framdrift i 2016. Randaberg kommune opna ny gang- og sykkelveg til Tungenes og ny parkeringsplass i Tungevågen. Skretting har sett av tre millionar kroner til det nye vitensenterbygget. Dessverre har verken staten eller fylkeskommunen førebels innvilga søknader om tilskot.

- På fleire av anlegga blei det også dette året arrangert eksperimentveker og feriekubbar for skulebarn i sommarferien

- I alt blei det gjennomført 109 aktivitetsdagar og opne publikumsarrangement på museet sine ulike anlegg.

- Jærmuseet har eit godt samarbeid med private verksemdar i regionen. Heile 10 bedrifter har i løpet av 2016 bidrege med prosjekt - eller driftsstøtte på tilsaman 5,3 mill. kr. Storparten av dette har gått til Vitenfabrikken i Sandnes.

Styret vil takka alle som med økonomiske tilskot og gåver, og på andre måtar, har bidrege til å realisera Jærmuseet sine mål!



Knudaheio og
Garborgløypa

Foto: Garborgsenteret



AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2016 driftsansvaret for 62 kulturhistoriske bygningar, 47 411 gjenstandar og 177 601 foto. Det er ein tilvekst på 108 gjenstandar og 42 852 foto, og 130,8 hyllemeter privatarkiv.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kvigarden og Audamotland. I tillegg forvaltar museet ei rekkje bygningar og anlegg i kommunal eige.

Per 31.12.2016 hadde me driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

- **Vitengarden**, Nærbø, med museumsgarden Kvia 4H gard og den historiske garden Audamotland.
- **Vitenfabrikken**, Sandnes, med Krossens havremølle, det historiske tunet Austrått/Tranegården, snikkarverkstaden på Vagle, og fleire kvernhus og andre antikvariske bygningar i Sandnes kommune.
- **Science Circus** er Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i heile Rogaland.
- Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjør til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet («Vitensenteret Sør-Vest»).
- **Hå bygdemuseum** med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødaland og andre antikvariske bygningar i Hå kommune.
- **Gjesdal bygdemuseum** med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk og andre antikvariske

bygningar i Gjesdal kommune.

- **Klepp bygdemuseum** med samlingar og to antikvariske bygningar på Haugabakka i Klepp kommune.
- **Randaberg bygdemuseum** sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.
- **Tungenes fyr**, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, Randaberg, som òg er ein del av Kystverkemusea / etatsmuseet for Kystverket.
- **Nasjonalt Garborgsenter** på Bryne, samlokalisert med Time bibliotek.
- Forfattarheimane **Garborgheimen** og **Knudaheio**.
- **Flyhistorisk Museum Sola**, med foto- og gjenstandssamling, lokalisert i Sømmevågen, Sola.
- **Rogaland Krigshistoriske Museum**, med foto- og gjenstandssamling, Soma/Sola kommune.
- Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard til museumsstatistikken. HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Museet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane, og vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv nettverksbygging til vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkninga. Museet skal driva aktiv formidling ut frå det enkelte anlegg sine ressursar og særlege profil, og arbeida for å utvikla dei ulike lokalitetane sin unike karakter.

Det er svært gledeleg at Skretting har valt å gje 3 millionar til det planlagte maritime vitensenteret i Randaberg. Under markeringa av pengegåva, spretta kommunikasjonssjef i Skretting, Leif Kjetil Skjæveland ei fiskekaka.

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune



Limagarden i Gjesdal er eit av fleire bygdemuseum Jærmuseet har driftsansvaret for.

Foto: Unn Iren Thorsen, Jærmuseet

I september var heile personalet på tur til Berlin. Her stod blant anna krigshistorisk vandring på programmet.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe



ORGANISASJON

Pr. 31.12.2016 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

Styret

Arne Norheim, styreleiar
 Inglen Haugland
 Ingve Bertsen
 Frode Fjeldsbø
 Jonas Skrettingland, nestleiar
 Torbjørn Hovland
 Kristine Enger
 Stanley Wirak
 Kari Vevatne
 Staale Grude Haaland
 Helle Kristiansen
 Ørjan Zazzera Johansen

oppnemnd på fritt grunnlag
 oppnemnd på fritt grunnlag
 Rogaland fylkeskommune
 Gjesdal kommune
 Hå kommune
 Klepp kommune
 Randaberg kommune
 Sandnes kommune
 Sola kommune
 Time kommune
 tilsett
 tilsett

Vara:

Torleiv Bilstad
 Hallvard Ween
 Ingvald Erga
 Espen Aaserud Karlsen
 Mons Skrettingland
 Torunn Austdal Rasmussen
 Gunhild Vårvik Tangeland
 Annelin Tangen


 Brigtt Åge Høyland
 Sigbjørn Stangeland
 Magne Hognestad



I oktober var Fylkestinget med blant anna desse ungdomspolitikarane på besøk på Vitenfabrikken. Her fekk ein vist fram utstillingane, dei nyrenoverte lokala i Solaveien 10 og sagt litt om planane framover.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

Utførde årsverk fordelt på dei ulike avdelingane og anlegga i 2016



| AVDELINGAR | 2014 | % | 2015 | % | 2016 | % |
|--------------------------------|------|-------|------|-------|------|-------|
| Fellestjenester (inkl samling) | 9,6 | 14 % | 12,9 | 18 % | 11,5 | 16 % |
| Vitengarden | 16,1 | 24 % | 17,9 | 26 % | 18,8 | 27 % |
| Vitenfabrikken | 24,6 | 37 % | 23,7 | 34 % | 26,2 | 37 % |
| Garborgsenteret | 6,1 | 9 % | 6,0 | 9 % | 6,5 | 9 % |
| Tungenes fyr | 2,4 | 4 % | 2,0 | 3 % | 1,9 | 3 % |
| Hå bygdemuseum | 1,5 | 2 % | 1,6 | 2 % | 1,5 | 2 % |
| Gjesdal bygdemuseum | 1,7 | 3 % | 1,4 | 2 % | 1,5 | 2 % |
| Klepp bygdemuseum | 0,3 | 0 % | 0,4 | 1 % | 0,3 | 0 % |
| Randaberg bygdemuseum | 1,4 | 2 % | 1,4 | 2 % | 1,0 | 1 % |
| Flyhistorisk og Krigshistorisk | 2,3 | 3 % | 2,0 | 3 % | 1,9 | 3 % |
| Science Circus | 0,9 | 1 % | 1,0 | 1 % | 1,4 | 2 % |
| (med fråverstimar) | 66,9 | 100 % | 70,3 | 100 % | 72,6 | 103 % |

Besøk

Jærmuseet hadde i 2016 eit samla gjestetetal for eigne anlegg på 209.154 fordelt på 13 ulike publikumsarenaer og Science Circus.

Årsverk

Jærmuseet hadde i 2016 76,2 årsverk inkl. vertar, ekstrahjelp, lærling og Samlingsteam Rogaland. (Eitt av desse årsverka er ei formidlarstilling på Vitengarden som er direkte løna av Hå kommune). I gjennomsnitt mottok 134 personar regelmessig løn frå Jærmuseet i løpet av året, medan det blei sendt ut i alt 236 løns- og trekkoppgåver. Gjennomsnittsalderen er 36,4 år for tilsette som er innmelde i pensjonsordninga til Jærmuseet, inkludert vertar. Alle tilsette nyttar eit elektronisk timeregistreringssystem som gir oversyn over kor ein har jobba og kva oppgåver ein har arbeidd med.

Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette; av dei 74 fast tilsette, vikarar og prosjektmedarbeidarar er 46 kvinner og 28 menn. I tillegg har me ein kvinnleg lærling i hage- og anleggsgartnerfaget. Omrekna til årsverk er det 38,8 årsverk kvinner og 23,9 årsverk menn. Direktør og to avdelingsleiarar er kvinner, tre avdelingsleiarar er menn. Styret består av fire kvinner og åtte menn, inkludert styreleiar.

Arbeidsmiljø

Jærmuseet er IA bedrift frå 2011. Me har hatt avtalar med NAV om arbeidspraksis i heile 2016 og har hatt 4 personar i arbeidspraksis. Det er utført om lag 0,6 årsverk gjennom ordninga.

Samla sjukefråvær er 3,3 årsverk, dvs. 4,3 %.

Langtidssjukemelding for tre tilsette utgjer 1,3 årsverk. Alle tre er nå tilbake i arbeid. I tillegg var det 1,2 årsverk i foreldrepermisjon. Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir i hovudsak vurdert som godt, noko som blir stadfesta i årlege arbeidsmiljøundersøkingar.

Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.


Planar vedtatt av styret

Styret vedtok ny formidlingsplan for barn og unge, revidert sikringsplan og revidert innsamlingsplan i 2016. Jærmuseet har elles eigne planar for følgjande arbeidsområde: bevaringsplan, formidlingsplan, forskingsplan, marknadsplan og ein overordna strategiplan.

Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle tiltak/planer blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming. Følgjekort blir akseptert på alle avdelingane.


Fordeling av årsverk på arbeidsområde



| Arbeidsoppgåver innan | 2014 | % | 2015 | % | 2016 | % |
|--------------------------------|-------------|--------------|-------------|--------------|-------------|--------------|
| ADMINISTRASJON OG DAGLEG DRIFT | 14,9 | 23,7 % | 15,5 | 23,0 % | 14,5 | 21,5 % |
| DRIFT AV BYGG OG KAFE | 18,3 | 29,2 % | 19,6 | 29,1 % | 19,4 | 28,9 % |
| FORMIDLING | 19,9 | 31,7 % | 21,3 | 31,7 % | 23 | 34,2 % |
| NYE UTSTILLINGAR | 3,6 | 5,8 % | 3,9 | 5,9 % | 4,7 | 6,9 % |
| SAMLINGAR OG ANTIKVARISKE HUS | 6,0 | 9,5 % | 7,0 | 10,4 % | 6,2 | 9,3 % |
| TOTALE ÅRSVERK | 62,6 | 100 % | 67,4 | 100 % | 67,8 | 100 % |
| Fråver | 4,3 | | 2,9 | | 4,8 | |
| TOTALE ÅRSVERK | 66,9 | | 70,3 | | 72,6 | |

Fordeling av inntekter 2016

Sponsormidler og prosjektmidler gjeld berre brukte midlar i 2016. For mottokne midlar i 2016, sjå årsrekneskapen note 3.



ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Bidrag frå private

Jærmuseet er eitt av dei musea i landet som har fått mest gåver og sponsormidler frå private verksemder i løpet av dei siste åra. Heile 10 bedrifter har i 2016 bidrege med prosjekt- eller driftsstøtte på tilsaman 5.262.500, mot 2.222.500 i 2015. Mykje av desse midlane gjeld sponsoravtaler med 2-3 års horisont. Marknadsgruppa er i gang med reforhandling av dei som går ut i 2017. Jærmuseet har ein eigen etisk plattform som ligg ved alle sponsoravtaler.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Jærmuseet har dei siste åra opplevd ein god auke i egne inntekter frå bilettosal samt kafe/butikk, men for inneverande år har trenden stoppa opp. Frå 2015 til 2016 var inntektene knytt til bilettosal uendra og 4,6% nedgang på kafe/butikk. For 2017 ventar me ein auke i bilettosal grunna auke i inngangspris samt opning av fleire utstillingar både på Vitengarden og Vitenfabrikken. Me ser framleis lite teikn til betring i bedriftsmarknaden, men nedgangen på arrangement og utleige er med sine 3,8% langt mindre enn dei siste åra. Bedriftsmarknaden er framleis prega av ein generell nedgang. Me har likevel stort fokus på eigeninntekter og jobbar kontinuerlig med utvikling av det kommersielle potensialet ved våre anlegg. Dei totale kostnadene har auka med 7,2%, medan personalkostnaden berre har auka med 1,6 %. Mykje av den totale kostnadsauken er knytt til restaurering av Audamotland som del av den statlege tiltakspakken,

Nærbø, 24.februar 2017


Arne Norheim
Styreleiar



Jonas Skrettingland
Nestleiar


Ingve Berntsen


Kristine Enger


Frode Fjeldsbø


Staale Grude Haaland



Inglen Haugland


Torbjørn Hovland


Ørjan Zazzera Johanse


Helle Kristiansen


Kari Vevatne


Stanley Wirak


Målfrid Snørteland
Direktør

og dermed også gjenspegla som prosjektfusjonar på inntektssida. Liten auke i personalkostnader skuldast i stor grad at aktuarberekninga gav mykje lågare pensjonskostnad enn budsjettert, samt høgt sjukefråver som berre delvis har blitt erstatta. Jærmuseet nyt godt av en god bankavtale forhandla fram av Hå kommune. Dette gir oss veldig gode renteinntekter i løpet av året og gir eit godt bidrag til drifta.

Administrative system

Museet har oppdaterte og profesjonelle administrative system og nyttar elektronisk post og arkiv så langt det let seg gjera. Dette gjeld elektronisk nyheitsbrev, brukarundersøkingar, inngående og utgåande faktura, timeregistrering, ordrestadfestingar og anna.

Framleis drift

Årsrekneskapen for 2016 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Det blir med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å driva vidare.

Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Styret meiner at framlagd rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2016 og økonomisk stilling ved årsskiftet.

Det har ikkje oppstått forhold etter rekneskapsårets slutt som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.

Rekneskapen viser eit årsresultat på 1.894.337.

I 2016 besøkte Science Circus 60 skular frå Sauda i nord til Flekkefjord i sør! Gjennom det nordiske prosjektet Kunnskapstoget, finansiert av Nordisk råd, har Science Circus og halde lærarkurs på Færøyane og Island, og dei har elles eit samarbeid med «Little shop of Physics» ved Colorado State University.

Her er Ivar Reed Nakken og held show for engasjerte elevar ved Teina skule i Stavanger.

Foto: Jærmuseet



VITENSENTER SKAPER REALFAGSGLEDE I HEILE LANDET!

Museum og vitensenter

Jærmuseet har tidlegare blitt kåra til Årets Museum i Norge og vunne den internasjonale museumsprisen «Luigi Micheletti Award» i 2009. Jærmuseet ønska nå å få ei ny kvalitativ evaluering av drift og formidling sett i eit internasjonalt perspektiv. Det anerkjende ekspertteamet professor Per-Edvin Persson og sivilingeniør Asger Høegh (tidlegare direktørar for hhv. Heureka i Finland og Experimentarium i København) blei derfor engasjert for å gå gjennom museet si drift og formidling i 2016. Noko av det dei framheva var m.a:

Det är särskilt imponerande att en regional institution med trots allt rätt begränsade resurser når upp till en kvalitet som kan jämföras med de bästa i branschen i hela världen.[...] Sällan har vi sett en så lyckad kombination av science center och museum!

«Vitensenteret Sør-Vest»

Det er i dag ti regionale vitensenter i Norge. Vitensentera er ein del av regjeringa sin strategi for å auka interessa for og rekrutteringa til realfag.

«Vitensentra er eit viktig verkemiddel for å skape interesse for og kunnskap i realfag, og for rekruttering til eit kompetanse-område Noreg treng både no og i framtida. Saman skal dei regionale vitensentra utgjere eit heilskapleg nasjonalt tilbod». (Statsbudsjettet 2014.)

Vitensentera har tre hovudmålgrupper:

1) Barnehagar, 2) Skuleverket, 3) Allmennheita med familiar og andre

Avdelingane Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer det regionale vitensenteret, «Vitensenteret Sør-Vest». Avdelingane Vitenfabrikken og Vitengarden er også dei største anlegga i Jærmuseet, både når det gjeld årsverk, budsjett, eigeninntekter og besøkstal.

Me kan tilby tilsaman 3500 m² interaktive utstillingar innanfor ei rekke tema som geologi og landskap, mat og helse, biologi, teknologi, kjemi, fysikk, astronomi, økonomi og matematikk, samt eit moderne planetarium. I tillegg kjem ei større utandørsutstilling med fleire store installasjonar.


Science Circus er vårt «vitensenter på hjul», og oppsøker skular i heile Rogaland. Heile 12.779 personar deltok på opplegg i regi av SC i 2016, av dette var 11.000 skuleelevar.

Vitensenteravdelingane hadde i alt vel 140.000 besøkande i 2016. Av dette var nærare 45.000 barn og unge i organiserte opplegg.

Dei regionale vitensentera mottar årlege driftstilskot frå Kunnskapsdepartementet via Norges Forskningsråd. Midlane blir fordelte av eit eige vitensentrestyre og Jærmuseet fekk i 2016 eit tilskot på 6 mill. kroner. Vitensentrestyret har utarbeidd 12 ulike kriterium for tildelinga av offentleg støtte. Her legg ein m.a. vekt på god organisasjon og robust økonomi, dynamikk og høg kvalitet i verksemda, regional oppslutning og nasjonal og regional nettverksbygging og samarbeid. Vitensenteravdelingane, og særleg Vitenfabrikken, får òg betydeleg støtte frå næringslivet i regionen.

Eit humanistisk vitensenter.

Persson og Høegh var òg imponert over Garborgsenteret som dei framheva som eit humanistisk vitensenter: *Allt vad vi sett av Jærmuseet är av hög klass, men vi vill särskilt understryka det unika med Garborgsenteret, ett vitensenter och dokumentationscenter i en biblioteksmiljö som är nydanande, engagerande, intellektuellt stimulerande och intresseväckande.*



I tillegg til aktiviteter til det almenne publikum har BufDir gitt 1,4 mill. til Ungdomsmakerspace, ein teknologisk ungdomsklubb, som er open for ungdommar 13 – 20 år kvar onsdag kveld og i vinter- og haustferiar.

Foto: Marie Von-Krogh

Gjennom SKAPE-prosjektet har mastergradsstudenten Reiar Klausen ved NTNU sett på læringsutbytte for elevane i BIOGASS-rommet på Vitengarden og kva utbytte dei har av for- og etterarbeid. Utstillinga opnar i 2017.

Foto: Therese Espeland, Jærmuseet



NYE TILTAK OG SÆRLEGE PROSJEKT

Byggetrinn 2, Vitenfabrikken

Byggetrinn 2 av Vitenfabrikken var ferdig i november 2016. Sandnes kommune er byggeigar og byggherre og sette i gang rehabiliteringa av Solavn. 10 sommaren 2015. Byggetrinn 2 hadde ei samla kostnadsramme på om lag 66 mill. kroner. Kulturdepartementet løyvde 22 mill., Rogaland fylkeskommune bidrog med 6 mill., dei resterande 36 mill. har kommunen sjølv bidratt med. Avdelinga Vitenfabrikken får nå moderne administrasjonslokale, nye utstillingsareal for byhistoriske utstillingar, rom for skiftande utstillingar, verkstader, studiemagasin og dokumentarkiv. Jærmuseet takkar for godt og konstruktivt samarbeid med kommunen gjennom heile prosessen.

Makerspace.

Dei regionale vitensentera er nå i gang med å etablere såkalla makerspace. Jærmuseet sitt makerspace opna på Vitenfabrikken i mai 2016.

I løpet av 2016 har Vitenfabrikken òg sett i gang eit samarbeid med vidaregåande skular og ungdomsskular.

Ein jobbar med å utvikla undervisningstilbod innan 3D-modellering, 3D-printing og bruk av laserkuttar, samt bruk av vinylkuttar. VGS-elevlar har bidratt til den kommande møbelutstillinga på Vitenfabrikken.


SÆRLEGE PROSJEKT

Underjordisk utstillingshall og magasin

18,8 mill. i statlege tiltaksmidlar på statsbudsjettet 2016 gjorde det mogleg for Jærmuseet å starta arbeidet med eit underjordisk magasin på Vitengarden. Reguleringsplanarbeid blei sett i gang i oktober 2015 og var ferdig i mars 2017. Den lange behandlingstida skuldast i hovudsak kravet om arkeologiske undersøkingar. Etter planen startar byggearbeida våren 2017.

Restaurering av Audamotlandstunet

I 2016 fekk museet også 4,7 mill. til restaurering av driftsbygningen og nødvendig opprustning av andre bygningar i tunet som kjerrehus, halmhus, kyllinghus og folgestove. Med nye tiltaksmidlar på statsbudsjettet 2017 blir det òg mogleg å gjenreisa smia på garden samt yttarlegare opprusting og vedlikehald av Vitengarden.



↑ Tiltaksmidlar vart mellom anna nytta til restaurering av Audemotland. Foto:Odd-Geir Rosland, Jærmuseet

← Skisse over det nye, underjordiske magasinet ved Vitengarden. Foto: ACL

FORMIDLING

«Jærmuseet formidlar kunnskap gjennom oppleving, deltaking og utforskning»

Jærmuseet har bygd opp attraktive formidlingsarenaer som legg til rette for kunnskap, opplevingar og deltaking. Vitenfabrikken og Vitengarden er dei største og best besøkte anlegga. Desse lokalitetane er både museum og vitensenter. Ekspert rapporten frå Persson og Høeg slår fast at

«Jærmuseet har en enormt hög klass på utställningar och förmedlingsverksamhet. (...) Vi var imponerade av utställningarnas kvalitet, särskilt av deras förmåga att stimulera besökaren intellektuellt på ett finurligt, underfundigt och entusiasmerande sätt. Den intellektuella stimulansen synes vara Jærmuseets starka egenart. Det är få andra institutioner som når upp till samma nivå».

209.154 gjester, over 5600 fleire enn i fjor, besøkte anlegga våre i 2016. Av desse var om lag 25 % barn og unge i organisert undervisning, medan den totale delen barn og unge medrekna fritidspublikummet var 54%.

SKAPE

I perioden 2012 - 2015 hadde Jærmuseet eit samarbeid med Statoil om prosjektet «Energi og miljø».For perioden 2016 – 2019 er det innleia eit nytt treårig samarbeid under programmet «Morgedagens helter». Gjennom prosjektet SKAPE (samarbeid, kompetanse, aktivitet, pedagogikk, engasjement) skal JM utvikla metodar for m.a. å måla læringsutbytte og museumsopplevinga til gjestene. Prosjektet skal realiserast ved å bygga opp tre hovudarenaer: Biogassutstillinga på Vitengarden, Abelloftet på Vitenfabrikken og fysikk på hjul med Science Circus.



Vitengarden har i samarbeid med Magma Geopark og Doublethink hatt eit pilotprosjekt med GEO-VR briller. Her kan du bli kjent med geologien i Magma Geopark og områda rundt Vitengarden.

Foto: Jærmuseet



I samband med prosjektet Kunstlokk, laga Vitenafabrikken ei utstilling med film, skisser og det første prøvestøypen av kumlokket. Her er kunstnar Turi Oliver-Gramstad saman med fleire av dei involverte og produsent av John Nygård frå Furnes Jernstøperi AS.

Foto: Jan Inge Haga



Frå opninga av «SPØD» på Haugabakka der avdelingsdirektør Hans Dybvad Olesen fortalte om utstillinga.

Foto: Jærmuseet

UTSTILLINGAR

VITENFABRIKKEN

Human Graph

Ny installasjon utvikla saman med ExxonMobil Exploration and Production AS. I august stod denne på ExxonMobil sin stand under ONS, nå skal han bli ein del av Vitenfabrikken si matematikkformidling. Human Graph er eit digitalt spel som tar utgangspunkt i matematikkens ST-graf, der stor forståing av orientering i tid og rom er viktig. Varaordfører Pål Morten Borgli og adm. direktør i ExxonMobil, Morten Mauritzen, stod for opninga 25. oktober 2016.

Particle physics and cosmology

I 2015 tok professor Anders Tranberg kontakt med Vitenfabrikken for å få til ei temporær utstilling om partikkelfysikk. Den blei opna 2. april av dekan Øystein Lund Bø, og stod ut august. I samband med utstillinga blei det i samarbeid med UiS arrangert klasseundervisning og sommarskule for vidaregåande elevar og publikumsforedrag.

Miniutstilling om 1. mai med aktivitetar for barn i kaféområdet.

Kunstlokk

Sandnes kommune ved bydrift engasjerte kunstnaren Turi Gramstad Oliver til å utforma eit nytt kumlokk til Sandnes. Jærmuseet følgde prosessen frå skisser til ferdig produkt. Dette blei årets sommarutstilling på Vitenfabrikken.

I 2016 har Vitenfabrikken arbeidd med innsamling og dokumentasjon om møbelproduksjonen i Sandnes. Dette skal formidlast i utstillinga Alle gode ting er tre - møbelproduksjon i Sandnes 1870 - 1970 som opnar i dei nye lokala i mars 2017.

VITENGARDEN

GeoVR er ein ny pilotinstallasjon i Vitengarden si geologiutstilling. Ved hjelp av GeoVR-briller får publikum bli med på ei virtuell, geologisk reise gjennom kloden si historie og utvikling. Med verkemiddel som bilete, illustrasjonar, lyd, teknologi og interaktivitet får dei besøkande ei unik oppleving og får ta del i banebrytande formidlingsutvikling. Geo-VR er utvikla av Doublethink i samarbeid med Magma Geopark og Vitengarden.

TUNGENES FYR viste i 2016 ei utstilling om «Støpejerns fyr», produsert i samarbeid med Kystverkmusea.

GARBORGSENTERET:

Utstillinga «Bergtatt» var ei utstilling mynta på barn i småskulealderen og stod fram til 8. mai 2016. Samtidskunstutstillinga «Connubial» blei vist i perioden 28. mai - 25. september, med verk frå 10 internasjonale kunstnarar. Connubial tyder ekteskapeleg og utstillinga sette fokus på sider ved ekteskapet i dag, som ein parallell til at Arne og Hulda Garborg problematiserte ekteskapet i si samtid. «Habitt/profitt - Bunad i dag» opna 22. oktober og fokuserer på bunadsbruk i dag, kva konfirmantane i 2016 tenker om bruk av bunad, og korleis bunadsproduksjon har utvikla seg til å bli «big business». Dei historiske linjene er knytte tilbake til Hulda Garborg sitt bunadsarbeid.

HAUGABAKKA

SPØD, ei utstilling om heimelaga barneklede opna på Haugabakka i oktober. I samarbeid med Orre og Bore Bygdekvinneleg, Jæren Husflidslag, Klepp Historielag og Klepp kommune lånte og henta Jærmuseet fram frå egne samlingar mange fine strikkeplagg. Utstillinga synte smakebitar frå tiår bakover då strikking var viktig for å produsera klede til heimen, og til dagens strikking som er mest til glede på mange ulike arenaer.

FMS: I mai 1916 havarerte ein tysk Zeppelin i Hafersfjord etter eit mislykka bombetokt mot Storbritannia. For å markera hundreåret for denne hendinga skipa Flymuseet sin venneforeininga til ei separatutstilling med foto, modell, tekst og gjenstandar frå det havarerte luftskipet. Utstillinga fortel både om havariet og om andre viktige hendingar i dei store «ballong-fly» si korte historie. Eit omriss av ein Zeppelin, lengre enn heile hangaren, vart måla på bakken utanfor museet.

ANDRE FORMIDLINGSPROSJEKT

Digital Garborgløype

Garborgløypa er ei digital formidlingsløype i og ved Knudaheio, Garborgheimen og Time kyrkje. Ho opna 24. april 2016. Til saman er over 60 skilt med QR-kodar utplassert. Via telefon eller ipad får ein opp lydspor eller filmsnuttar med innhald frå Arne Garborgs liv og verk. Mediefilene er produsert av Filmavdelingen AS i samarbeid med Garborgsenteret. I viktige roller finn me Vegar Hoel og Karin Hodne. Regissør er Alexander Kristiansen.

I tillegg til vanlege gjester har forskingsprosjektet TRAUM, Karmøy kommune og Ibsenmuseet vore på besøk for å sjå nærmare på korleis løypa er laga og korleis ho verkar.

Garborgs galningar

Tredje sesong av den digitale forteljinga Garborgs galningar, med 24 episodar, blei lansert som julekalender i desember, «Garborgs galningar møter Riksmålsforbundet». Garborgs galningar er ein digital multimodal krimkomedie-serie med handlinga lagt til Garborgsenteret og Jæren, forfatta av Ørjan Z. Johansen på Garborgsenteret. (<https://www.jaermuseet.no/garborgsenteret/garborgs-galningar/>)

AKTIVITETAR OG ARRANGEMENT

Aktivitetsdagar

I alt blei det gjennomført 109 aktivitetsdagar, konsertar og opne publikumsarrangement på museet sine ulike anlegg, sjå eige oversyn. I tillegg hadde me ei rekkje arrangement og opplegg for særlege grupper, bedrifter og organisasjonar.

Dugnadsfest og frivillige

Den årlege dugnadsfesten var dette året på Vitenfabrikken 8. november med over 100 deltakarar!

Habitt / profitt - Bunad i dag

Foto: Garborgsenteret





← Rigging av Zeppelinutstillinga ved Sola Flyhistorisk Museum.

Foto: Sondre B. Hvam, Jærmuseet

↓ Alltid gildt å lage båt! Her frå ferieklubben på Grødaland.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet



→ Frå Rogaland Krigshistoriske Museum sin opne dag.

Foto: Jærmuseet

↓ SNU-utstillinga på Vitengarden er populær i solskin, det var den og på Statoil sin opne familiedag i haust.

Foto: Harald Pettersen, Statoil/AP



↑ Store og små tykte det var spennande å studera 3D-printarane i MakerSpace på opninga.

Foto: Marie Vog-Krogh

← På Open gard på Vistnestunet får publikum - store som små - bli med ut til bikubene.

Foto: Jærmuseet



↑ Å farga garn er ein gild aktivitet både for skular, på aktivitetsdagar og på feriekklubben til Limagarden.

Foto: Unn Iren Thorsen, Jærmuseet

OPNE PUBLIKUMSARRANGEMENT 2016

- i regi av Jærmuseet

Vitenfabrikken

| | | | |
|-------------|--|-------------|--|
| 10 – 31.01 | Utstillinga Matematisk tråd | 15.05 | Opning av MakerSpace Vitenfabrikken |
| 15. – 21.02 | Vinterferie. Astronomi og flygningens historie | 1.06 | Åpent foredrag om Saborg v/Ole Jacob Abraham Museum Vest |
| 9.03 | Amnesty kulturkveld | 22.06-21.08 | Makersommer |
| 11. – 16.03 | Matematikkens uke med foredrag og aktiviteter | 2.10 | Forskningsdagene Aktivitetsdag og foredrag «Lyden vi ser» Torbjørn Eggebø NTNU |
| 12.03 | Aktivitetsdag: Solvett | 9.10 | Aktivitetsdag i regi av Røde kors TV aksjonen |
| 19. – 29.03 | Påske med gule aktiviteter | 9.-16.10 | Haustfere med aktivitet på MakerSpace |
| 2.04 | Utstillingsopning: Partikkelfysikk | 29.10. | FN-dagen |
| 23. – 24.04 | Norway Chess skolesjakkturnering | 23.10 | Aktivitetsdag: Mølledag |
| 9.05 | Merkurpassasjen | 9.11 | Schizofrenidagene «Sjef i eget liv v/«Ingvar Wilhelmsen |
| 11.05 | Utstillingsopning: Turi -kumlokk | 5.11 | First Lego League Regional finale |

Vitengarden

| | | | |
|-------------|---|------------|---|
| 30.01 | Tråd på pinne: strikke- og hekledag | 12.06 | Bie- og humledag |
| 14. – 21.02 | Vinterferie: Humler | 1. – 31.07 | Bondekona på garden |
| 20.03 | Eggande aktivitetsdag og sesongopning for SNU-utstillinga | 11.09 | Husflidsdag |
| 10.04 | Vitengarden 20 år og eggande aktivitetsdag | 25.09 | Smak av haust |
| 26.04 | Aktivitetsdag: Kokkar i friluft | 8.10 | Vitendag på Statoil |
| 24.04 | 4H-dag og skogdag | 9. – 16.10 | Haustferie med matavfall, dyrefis og gass |
| 22.05 | Fugledag | 12.11 | Tråd på pinnen |
| 29.05 | Sykkeldag | 27.11 | Jul i gamle dagar |

Tungenes fyr

| | | | |
|-------|--|-------|-----------------------------------|
| 21.01 | Torsdag på Tungenes: Erlend Ropstad | 29.05 | Krihistorisk vandring |
| 11.02 | Torsdag på Tungenes: Hank Williamson og avløyserane + General Forsamling | 9.06 | Torsdag på Tungenes: Otto Totland |
| 10.03 | Torsdag på Tungenes: Susanna | 8.09 | Torsdag på Tungenes: Ida Jenshus |
| 14.04 | Torsdag på Tungenes: Myrkur | 3.11 | Torsdag på Tungenes: Jenny Hval |
| 5.05 | Maijazz: Hanne Vasshus | 24.11 | Torsdag på Tungenes: Lindstrøm |
| 22.05 | Nyttevekster på Tungenes med ordfører Kristine Enger | | |

Knudaheio

| | | | |
|-------|---|-------|---|
| 24.04 | Opning av Garborgløypa og aktivitetsdag | 18.09 | Tur til Ulvarudlå og Knudaheio med Jæren Turlag |
|-------|---|-------|---|

Haugabakka

| | | | |
|------|-------------------------|--|--|
| 9.09 | Utstillingsopning: SPØD | | |
|------|-------------------------|--|--|

Garborgsenteret

| | | | |
|-------------|--|-----------|--|
| 9.01 | Elin Høyland lanserer boka Brother / Sister | 30.04 | Operakonsert med Ann-Beth Solvang og Jürgen Sacher |
| 13.01 | Bokpresentasjon av <i>Før de henter oss</i> | 22.05 | Familiedans – folkedans for store og små |
| 27.01 | SLAM på Thime Station | 28.05 | Utstillingsopning: Connubial, samtidskunst |
| 28.01 | Garborgdagar: Å samle på Arne Garborg i førsteutgaver v/Cato Schiøtz | 21.06 | Wergelands åre prisutdeling |
| 28.01 | Trætte Mænd – en 125-årig reise v/ Lars Rune Waage | 9.07 | Ranglerock: Rangling for småsporvar |
| 29.01 | Garborgdagar: Ta ein trall for Arne Garborg | 10.08 | SommarSLAM på Thime Station |
| 30.01 | Garborgdagar: Garborgs <i>Læraren</i> – utdatert,, eller utdatert v/Ernst Baasland | 18.08 | Litterær lunsj: Haugtussa på russisk v/Ekaterina Shuvalova |
| 31.01 | Garborgdagar: Namnebruk i Arne Garborgs diktning v/Inge Særheim | 7.09 | Erotikk og kvinnesak hjå Garborg og Obstfelder v/ Bjørn Kvalsvik Nicolaysen |
| 15. – 21.02 | Vinterferie med eventyrstund | 20.09 | Tro til trøst og besvær (Jæren DPS 15 år): To Garborg-foredrag v/Leif Gunnar Engedal og Jan Inge Sørbø |
| 22.02 | Hurra for Hulda: opplesing av Liti Kersti | 2.10 | Familiedans – folkedans for store og små |
| 28.02 | GILDT: Opplesing frå Hulda Garborg si dagbok | 10.-14.10 | Haustferie med eventyrstund |
| 20.03 | GILDT: Eventyrstund og forteljarleik | 22.10 | Utstillingsopning: Habitt/Profitt – bunad i dag |
| 21.03 | Verdas Poesidag: Diktopplesing ved Helge Torvund | 2.11 | Filmpremiere: Aadne 'ans Eivind |
| 1.04 | Fordjupingsmeisterskapen 2016 | 12.11 | Peter Hognestad 150 år |
| 7.04 | Litterær lunsj: Ein Garborg-halvtime | 18.11 | Aktivitetsdag: Gøy med garn |
| 17.04 | GILDT: Eventyrstund | 6.12 | Folkedanskveld i samarbeid med BUL Stavanger |
| 23.04 | Premierefest for Garborgløypa | 15.12 | Litterær lunsj: Ørjans juleforteljingar |

Flyhistorisk Museum Sola

| | | | |
|-------|-----------------------------|-------|------------------|
| 11.06 | Flydagen på Sola Flystasjon | 19.06 | Wings and Wheels |
|-------|-----------------------------|-------|------------------|

Grødaland

| | | | |
|-------|---|-------|--------------------------|
| 22.05 | Konsert med Mari Ask Helland | 21.08 | Trivselsbygda di |
| 5.06 | Hagedag | 4.09 | Med fiber melom fingrane |
| 26.06 | Syrekaker og jonsokleik + tur langs Kongevegen med Jæren turlag | 2.10 | Eplekaker og gamle spel |

Vistnestunet

| | | | |
|-------|--------------------------------|-------|---------------------|
| 24.04 | Sesongopning med Hagelaget | 25.09 | Treskedag |
| 29.05 | Open museumsgard | 20.11 | Jul på Vistnestunet |
| 28.08 | Open museumsgard med Hagelaget | | |

Limagarden

| | | | |
|-------|----------------------------|-------|-----------------------|
| 22.05 | Hagedag | 18.09 | 4H-dag |
| 5.06 | Limavatnet rundt på sykkel | 2.10 | Fiskedag i Limavatnet |

Varden Sjøredningsmuseum

| | | | |
|-------|---------------------|--|--|
| 29.05 | Familiedag i Varden | | |
|-------|---------------------|--|--|

Rogaland Krigshistoriske Museum

| | | | |
|-------|----------|--|--|
| 28.05 | Open dag | | |
|-------|----------|--|--|



← Ordfører i Randaberg, Kristine Enger, inviterte i mai til nyttevekstvandring rundt Tungenes fyr.

Foto: Unn Iren Thorsen, Jærmuseet

→ Mari Ask Helland holdt ein intim og flott konsert på Grødaland i mai. Her var det fullt i stova.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet



→ Ved sjøredningsmuseet i Varden er det mange som stiller på dugnad for å tilby ulike aktiviteter. Her vert det blant anna laga tau.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet



FORDELING PÅ KLASSESTEG OG ANLEGG I 2016 OG 2015: medrekna Hå gamle prestegard

| | Vitengarden | | Vitenfabrikken | | Science Circus | | Garborgsenteret** | | Tungenes fyr | | Hå BM Grødaland/Varden | | Gjesdal BM Limagarden | | Klepp BM Haugabakka | | Randaberg BM Vistnestunet | | FMS | | RKM | | SUM Jærmuseet | | HGP | | SUM inkl. HGP | |
|------------------------|-------------|-------|----------------|-------|----------------|-------|-------------------|-------|--------------|-------|---------------------------|------|--------------------------|------|------------------------|------|------------------------------|------|-------|-------|------|------|------------------|--------|-------|--------|---------------|--------|
| | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 | 2016 | 2015 |
| Barnehagar | 3740 | 3829 | 3786 | 3054 | 182 | 0 | 1055 | 290 | 202 | 0 | 0 | 229 | 365 | 126 | 157 | 138 | 77 | 11 | 12 | 8 | 0 | 0 | 9576 | 7685 | 210 | 200 | 9786 | 7885 |
| Barnetrinnet | 7065 | 7151 | 7420 | 6496 | 5581 | 8262 | 1466 | 902 | 301 | 105 | 353 | 557 | 1149 | 1079 | 146 | 203 | 564 | 796 | 57 | 90 | 0 | 0 | 24102 | 25641 | 1530 | 1600 | 25632 | 27241 |
| Ungdomstrinn. | 1623 | 1892 | 3590 | 2879 | 4221 | 3794 | 2111 | 1676 | 0 | 248 | 157 | 96 | 126 | 69 | 0 | 0 | 12 | 314 | 223 | 36 | 164 | 8 | 12227 | 11012 | 0 | 12227 | 11012 | |
| Vid. Skular | 924 | 829 | 3676 | 3908 | 14 | 97 | 978 | 2636 | 0 | 0 | 19 | 0 | 0 | 26 | 0 | 0 | 784 | 362 | 94 | 104 | 201 | 45 | 6690 | 8007 | 100 | 125 | 6790 | 8132 |
| SFO, fritidsgr. | 2337 | 2118 | 1015 | 1083 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 661 | 721 | 150 | 290 | 0 | 0 | 370 | 565 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4533 | 4777 | 0 | 4533 | 4777 | |
| Studentar | 31 | 100 | 804 | 846 | 59 | 20 | 33 | 100 | 0 | 15 | 0 | 0 | 26 | 84 | 0 | 0 | 0 | 0 | 21 | 0 | 21 | 0 | 995 | 1165 | 34 | 25 | 1029 | 1190 |
| Sum | 15720 | 15919 | 20291 | 18266 | 10057 | 12173 | 5643 | 5604 | 503 | 368 | 1190 | 1603 | 1816 | 1674 | 303 | 341 | 1807 | 2048 | 407 | 238 | 386 | 53 | 58123 | 58287 | 1874 | 1950 | 59997 | 60237 |
| Anna publikum | 29327 | 32104 | 45584 | 43040 | 2552 | 1085 | 8923 | 7627 | 21165 | 17994 | 1960 | 2099 | 820 | 566 | 240 | 327 | 4390 | 4099 | 14393 | 12056 | 913 | 1613 | 130267 | 122610 | 45933 | 44 832 | 176200 | 167442 |
| Utleige | 8199 | 7267 | 8035 | 8651 | 170 | 20 | 1134 | 1201 | 94 | 40 | 202 | 217 | 364 | 350 | 585 | 777 | 260 | 449 | 1406 | 1364 | 238 | 142 | 20687 | 20478 | 1943 | 2 075 | 22630 | 22553 |
| Sum i alt * | 53246 | 55290 | 73910 | 69957 | 12779 | 13278 | 15700 | 14432 | 21762 | 18402 | 3352 | 3919 | 3000 | 2590 | 1128 | 1445 | 6457 | 6596 | 16206 | 13658 | 1537 | 1808 | 209077 | 203510 | 49750 | 48 857 | 258827 | 252367 |

*Inkl. Tranegården galleri

**Inkl. tal frå Garborgheimen og Knudaheio

***I tillegg besøker årleg rundt 10 000 Hå Gamle Prestegard som turområde, og 20 000 nyttar Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde.

FMS= Flyhistorisk Museum Sola

RKM= Rogaland Krigshistoriske Museum

HGP= Hå gamle prestegard



← Når skuleelevane sykklar til formidlinga ved Rogaland Krigshistoriske museum vert det fullt utanfor.

Foto: Sondre B. Hvam, Jærmuseet



← Det vert arrangert populære feriekubbar ved Limagarden, Vistnestunet, Grødaland og Vitengarden. Her er deltakarar oppe ved Limagarden og lagar mat på bål.

Foto: Unn Iren Thorsen, Jærmuseet



Vitengården arrangerer kvart år den regionale finalen i konkurransen Unge Forskere. Prisutdelar dette året var Anja Berggård Endresen, leiar av regional- og kulturutvalet i Rogaland fylkeskommune. Vinnarane i 2016 var Mikhail Zakharov (med diplom) og Kristine Hernes (ikkje til stades på bildet). Her er Mikhail saman med prisutdelar, direktør i Jærmuseet Målfrid Snørteland, Anja Berggård Endresen, Sissel M. Holmern (Forskningsrådet) og Sturle Holmen (Fylkesmannen i Rogaland).

Foto: Helene Østby Larsen, Jærmuseet

Norway Chess si skolesjakkturnering vart arrangert på Vitenfabrikken for tredje året. Fleire hundre ivrige sjakkspelarar fekk møta helten, Magnus Carlsen, og utfordra han i eksperimentet «Mind-ball».

Foto: Jærmuseet



UNDERVISNING OG ANDRE TILTAK FOR BARN OG UNGE

DKS

Vitenfabrikken har to undervisningsopplegg etter avtale med Sandnes kommune; «Sykkelspinn» for 5. trinn og «Sandnes – byen hvor alle hjulene er i gang» for 8. trinn. Totalt deltok 78 klasser i 2016. Opplegget tar utgangspunkt i sykkelens historie og framtid.

2016 hadde Garborgsenteret tre opplegg gjennom DKS. 373 vgs-elevar fekk vera med på «Garborg og STRID» i vårhalvåret, 1250 ungdomsskuleelevar på Haugalandet opplevde «Hipp hopp og Garborg»-forestillinga i september. Desse opplegga var finansiert av DKS i Rogaland fylkeskommune. 230 elevar ved 6.trinnet i Time kommune fekk prøva seg på «Skriv med Aadne» i oktober. Alle opplegga utforskar litteratur og språk med utgangspunkt i Garborg.

Fleire kommunar, m.a. Gjesdal, har òg nytta lokale DKS-midlar til å finansiera besøk av Science Circus eller betalt for transport til museet sine anlegg.

Jærmuseet har elles eit omfattande undervisningstilbod til alle klassesteg, inkludert barnehagar. Tilsaman deltok nær 60.000 barn og unge i organiserte formidlingsopplegg på Jærmuseet sine ulike anlegg.

Kunnskapsdagane - RING – står for «realfag, inspirasjon, næringsliv og glede» og er eit samarbeid mellom Oljedirektoratet /Force og Rogaland fylkeskommune. Arrangementet skal inspirera 1.klasse-elevar på vidaregåande skule til å velja fordjuping i realfag. I løpet av tre dagar i januar får om lag 1700 elevar frå heile Sør-Rogaland møta bedrifter som treng realfagleg kompetanse.

Også den regionale finalen i **First Lego League** blir arrangert på Vitenfabrikken. Spennande konkurransar, og med familiemedlemmer som heiajengar, var fabrikken denne dagen full av glede og god stemning. Vitenfabrikken har eit ekstra fokus på matematikk. «Kodeknekkeren» er ein årleg matematikkkonkurranse for vidaregåande skular. I løpet av eit par månadar skal klassen løysa ulike matematikkoppgåver. Rett svar fører fram til ein kode som gir tilgang til den gamle safen til Jonas Øglænd – og der ligg premien på 20 000 kr! Vitenfabrikken driv òg eigen *matematikk-klubb* for spesielt evnerike elevar, («elevar med stort læringspotensiale») i Sandnes kommune. Ein har hatt 15-16 elevar frå 5.-7. klasse med i klubben. På matematikk-klubben arbeider ein med spel og oppgåvetypar der det å forklara, begrunna, argumentera og diskutera matematiske problem er sentralt.

Jærmuseet har ansvar for å arrangera regionale finalar for fleire landsomfattande kunnskapskonkurransar

under Forskningsrådet. Rogaland er det fylket med flest deltakarar i konkurransen **Unge Forskarar** og premieutdelinga for dei regionale deltakarane var på Vitengården 31. mars. Den årlege **Nysgjerrigperdagen** for Region Sør blei arrangert 10. mai.

Garborgsenteret arrangerer årleg «**Fordjupingsmeisterskapen**» der avgangselevar frå vidaregåande skular i Sør-Rogaland konkurrerer om å presentera det beste fordjupingsmenet i norsk.

Særskilde ferieaktivitetar – eksperimentveker og feriekubbar

Vitengården og Vitenfabrikken har særlege opplegg for barn i alle feriar. På dei lokale bygdetuna Vistnestunet, Limagården og Grødaland er dei særskilde feriekubbane eit stadig populært tiltak for skuleungar som får ei opplevingsrik veke på eitt av Jærmuseet sine anlegg.

DKS-opplegget «Hipp hipp og Garborg» var på turné i fleire kommunar, blant anna til Sokndal.

Foto: Hauge skole



Det var elevar ved Stavanger Katedralskole som vann Kodeknekkeren 2016. Dei løyste seks utfordrande oppgåver raskare enn dei andre vidaregåande elevane som var med i konkurransen. Laget bestod av Aksel Lunde Aase, Erik Holst Aasland, Sigurd Eikeland Hougen, Torjus Bakkene, Eirik Myhre og Kristian Nedrebø Nesse.

Foto: Torbjørn Moe Eggebø, Jærmuseet

FORVALTNING AV SAMLINGANE

«Jærmuseet forvaltar kulturarven for samtid og framtid»

Hausten 2016 stod nytt arkivmagasin på Vitenfabrikken ferdig og innflytting av 550 hm privatarkiv tok til.

I dokumentasjonsarbeidet har JM fokus på å ta igjen etterslepet i registrering og revidering av tidlegare registreringar. Det blei brukt snautt 3000 timar på dette. Me prioriterte digitalisering av analoge lydopptak og videoopptak. Dei blir lagt på digitalt magasin på eigen server. Jærmuseet har ikkje hatt aktiv innsamling og er restriktiv til å ta imot nye gåver til samlingane. Den vesentlegaste tilveksten i 2016 var to større fotosamlingar, etter Johannes Østvold og fotograf Odd Inge Worsøe.

Jærmuseet fekk i 2016 sikringsmidlar til 7 prosjekt, 6 av dei er gjennomførte i løpet av året. Samlingsplanen blei revidert i 2016 og me tok aktivt del i arbeidsgruppa for Felles dokumentasjons- og innsamlingsplan for Norsk Oljemuseum og regionmusea i Rogaland. Jærmuseet har som mål at storparten av samlingane skal vera registrert og digitalisert innan 2020.

Jærmuseet skal elles prioritera innsamling av immateriell kulturarv og forvaltning av kulturlandskap.

Prosjektet Varmare, våtare, villare vår (Klimaprojektet)

Prosjektet blei avslutta rett over årsskiftet 2017 med eit seminar på Maihaugen. Undersøkingane som prosjektleiar Roy Høiby gjorde landet rundt resulterte i ein rapport på rundt 230sider. Rapporten har fått stor merksemd både i og utanfor museumsmiljøa. Me håpar at prosjektet resulterer i større permanente løyvingar til bygningsvedlikehald.

Underjordisk utstillingshall og magasin.

2016 gjekk med til å få reguleringsplanen for Vitengarden på plass. Dei arkeologiske undersøkingane resulterte i omfattande begrensingar for plassering av bygg både under og over bakken. Vegvesenet og Fylkeskommunen sine krav til avkjøringa til det underjordiske anlegget tok det ein del tid å finne akseptable løysingar på.

Februar 2017 blei reguleringsplanen godkjent av kommunestyret i Hå. Parallelt med og som følgje av reguleringsplanarbeidet utarbeida Jærmuseet sitt rådgjevande ingeniørfirma fleire løysingsalternativ for det underjordiske anlegget. Me reknar med at dei bygningsmessige løysingar som må til for å oppfylle krava i reguleringsplanen fører til ein god del ekstrakostnader.

Regionalt samlingsarbeid, «Samlingsteam Rogaland»

Samlingsteamet har gjennomført registreringsoppgåver for alle regionmusea og Norsk oljemuseum og har i løpet av 2016 handsama rundt 12.000 gjenstandar. Prosjektperioden skulle etter planen avsluttast ved årsskiftet, men Fylkestinget forlenga prosjektet med tre år og auka den årlege løyvinga til 3 mill. slik at fire prosjektmedarbeidarar er sikra jobb til utgangen av 2019. Arbeidet skal halda fram som før med hovudvekt på rasjonell gjenstandsregistrering. Teamet sin innsats og organisasjonsmodell er godt kjent og påakta i museumskrinsar landet rundt.

Bygningsvedlikehald

Jærmuseet forvaltar 62 kulturhistoriske bygningar og eit mindre tal andre faste kulturminne. Handverkarane fører rutinemessig tilsyn med alle bygg.

Ekstraordinære midlar til bygningsrestaurering.

På Statsbudsjettet for 2016 løyvde Kulturdepartementet 4,8 mill. til ekstraordinær bygningsrestaurering på Jærmuseet. Ut over to mindre prosjekt på Vistnestunet og Krossens havremølle blei midlane nytta på Audamotland. Etter meir enn 25 år med stykkevis restaurering og naudreparasjonar kunne me endeleg avslutta prosjektet.

Ut over året blei det utført meir enn 50 månadsverk av innleigd arbeidskraft under leiding av museet sin handverksmeister. Største utfordringa var låven der meir enn ein tredjepart av takkonstruksjonen måtte fornyast. Av dei tre skutane måtte ein rivast heilt, dei to andre delvis. Alt blei bygd opp på nytt med same materialtype og kvalitet som før; ei blanding spesialbestilt rundtømmer, gammal skipsplank, spesialscoren panel og bølgjeblekk.

Ved årsskiftet var stort sett alle bygningane ferdige: Låven, halmhuset, kjerrehuset og kyllinghuset. Restaureringa av folgestova i nordenden av heimehuset var begynt saman med muring av grua i heimehuset. Utover våren 2017 blir me heilt ferdige - inkludert elektriske installasjonar og måling av interiøret i folgestova.

Det har vore eit stort løft på mange vis, også for museet sine handverkarar som har vore «fast inventar» på Audamotland gjennom året. Likevel har dei skoytt sine vanlege tilsynsoppgåver rundt på dei andre anlegga og har utført nødvendige reparasjonar.



Jærmuseet mottok i 2016 ei biletsamling frå Johannes Østvold. Samlinga inneheld bilete av i hovudsak båtar.

Foto: Johannes Østvold.

Sikringstiltak

Etter at Jærmuseet sin sikringsplan blei sett i verk i 2015, søkte me om statlege sikringsmidlarne til ni sikringstiltak. Alle søknader blei innvilga med 60% av totalkostnaden. Etter søknad til UNI-stiftelsen fekk museet dekka blei dei resterande 40% av kostnadene for dei sju største prosjekta.

I 2016 blei desse prosjekta gjennomført:

Brannvarslingsanlegg i Varden sjøredningsmuseum, heimahuset på Audamotland og alle bygningane på Vistnestunet. Utviding til alle bygg og modernisering av brannvarslingsanlegga på Grødalaland og Lima.

Under arbeid: Brannvarsling i Garborgheimen og på RKM, og vanntåkeanlegg i heimahuset på Audamotland. Dessutan blei det installert sprinkling i heimahuset på Tranegarden som Sandnes kommune sjølv kosta.

Andre bygningsmessige tiltak

Hå kommune overleverte eit flott toalettanlegg på Grødalaland rett før jul.

Sola kommune restaurerer Torpedoverkstedet i Sømmevågen til krigshistorisk utstilling.

Fylkeskommunen restaurerte og måla fasadane på Flyhistorisk museum.

Bonden på Vistnestunet måla heimahuset og har også rydda i hagen og elles på tunet.

Arkitektkontoret Schjelderup og Gram utarbeidde ein vedlikehaldsplan for Tranegarden og er i gang med ein plan for Tungenes fyr.

Det nye arkivmagasinet på Vitenfabrikken er topp moderne.

Foto: Berit Bass, Jærmuseet



FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

«Kunnskapsutvikling gir kompetanse til å utvikla Jærmuseet som vitskapleg institusjon»

I 2016 brukte JM 1820 FoU-timar, mot planlagt ½ stilling. Ein tilsett tok MUSE-620 og fekk publisert ein artikkel i Historisk tidsskrift i desember 2016: «Sola flystasjon som framskoten Nato-base under den kalde krigen».

Fleire av dei tilsette på Garborgsenteret er med i forskingsprosjektet «Museum som minnepolitiske aktørar». Jærmuseet sitt bidrag handlar om Knudaheio som minnestad. Særleg vekt blir lagt på korleis Rogaland Landsgymnas nytta staden minnepolitisk. Etter fullført examen artium i 1928 bytta skulens første avgangskull russeluene sine med svarte studentluer i Knudaheio, ein tradisjon som kom til å fortsetja heilt til midten av 70-talet.

Sauen og gjetaren: I Sør-Rogaland har du ennå eit system der saueflokkar blir sende til heis på sommarbeite under oppsyn av ein heiasjef. Sist Jærmuseet dokumenterte dette var i 1995, i samarbeid med Jæren Smalelag. Kva har endre seg? Kven er dagens moderne sauebonde? Prosjektet berører òg problemstillingar som forholdet mellom menneske og dyr, sauesjukdommar, raudlista sauerasar, endringar i kulturlandskapet m.m. Prosjektet engasjerer sauebønder og publikum gjennom m.a. ulike samarbeidstiltak og eigen publikumsblogg: <https://saueutstillinga.tumblr.com/>

Ein medarbeidar i gang med doktorgradsprosjekt ved UiA, med tema om miljøgifter og bruk av plantevernemiddel i landbruket. Dette er eit prosjekt med både regional og nasjonal relevans innanfor eitt av JM sine kjernetema – moderne norsk landbruk. Prosjektet er del av eit internasjonalt forskingsprosjekt leia av UiA med den overordna tittelen: Deadly Dreams – The cultural history of poison.

Masterstudent v/NTNU og lærar ved Vigrestad storskule, Reidar Klausen, brukar biogassprosjektet som arena for fagdidaktisk forskning på interaktive læringsmetodar.

Publikasjonar

I 2016 er det produsert ein fagfelleverdert artikkel: Hvam, Sondre Brandsæter. 2016. «Sola hovedflystasjon som fremskutt krigsbasis for amerikanske flystyrker» i Historisk tidsskrift, Bind 95, s.514-538. I tillegg er det publisert seks andre artiklar utan fagfellevurdering, tre av desse i vår eiga årbok «Sjå Jæren», tre i eksterne tidsskrift.


Årbok 2016 var den 28. i rekka. Artiklane spenner over mange ulike tema.

I tillegg gav Garborgsenteret ut ei språkmodernisert utgåve av «Trætte mænd».



I prosjektet «Sauen og gjetaren» har Jærmuseet følgd fleire heiasjefar og dokumentert arbeidet dei gjer. Her er heiasjef Hanne Elise Lindal i aksjon både i sauesamlinga og når drifta vert teken opp i heia tidleg på sommaren.

Foto: Ann Helen Hobberstad



RESULTATREKNESKAP

| | Note | 2016 | 2015 |
|---|------|-------------------|-------------------|
| Salsinntekter | | 4 745 682 | 4 998 589 |
| Billett/arrangementsinntekter | | 5 751 398 | 5 840 369 |
| Faste offentlege tilskot | 2 | 42 933 411 | 42 796 837 |
| Tilskot prosjekt | 3 | 40 681 439 | 23 176 040 |
| Avsetningsplikt ubrukte prosjekttilskot | 3 | -22 879 332 | -12 268 000 |
| Medlemsskap/annonsar | | 181 945 | 198 646 |
| Andre inntekter | 4 | 671 032 | 541 740 |
| Sum driftsinntekter | | 72 085 575 | 65 284 221 |
| Varekostnader | | 2 426 947 | 2 851 384 |
| Personalkostnader | 5 | 43 157 326 | 42 491 055 |
| Inventar og utstyr | | 1 274 491 | 1 132 701 |
| Driftskostnader bygg/anlegg | | 8 773 744 | 5 013 417 |
| Vedlikehald utstyr/samlingar | | 1 271 519 | 1 530 517 |
| Produksjon utstillingar | | 2 946 132 | 3 550 711 |
| Kontor og administrasjonskostnader | | 1 769 764 | 1 594 287 |
| Reiser/kurs/transport | | 1 405 887 | 1 511 627 |
| Marknadsføring/publikumskostnader | | 3 115 586 | 2 883 869 |
| Avskrivningar | 6 | 1 605 540 | 1 519 605 |
| Kjøpte tenester | 7 | 2 685 801 | 1 611 316 |
| Andre driftskostnader | 8 | 860 981 | 812 409 |
| Sum driftskostnader | | 71 293 718 | 66 502 898 |
| Driftsresultat | | 791 857 | -1 218 677 |
| Renteinntekter | | 2 085 885 | 1 844 790 |
| Renter byggetrinn I VF | | | |
| Renter byggetrinn II VF | | -519 172 | -440 630 |
| Renter investering GS | | -61 003 | -71 722 |
| Renter magasinbygg | | -403 230 | |
| ÅRSRESULTAT | | 1 894 337 | 113 761 |
| Overført fond vedlikehald | | | |
| Overført prosjekt | | 1 000 000 | |
| Overført annan egenkapital | | 894 337 | 113 761 |

Balanse

| | Note | 2016 | 2015 |
|--------------------------------------|------|--------------------|--------------------|
| ANLEGGSMIDLAR | | | |
| Byggetrinn 1&2 | 1,6 | 22 242 308 | 22 932 141 |
| Anlegg | 6 | 3 566 196 | 2 603 717 |
| Kontorinventar/utstyr | 6 | 2 904 804 | 1 272 572 |
| EDB-utstyr/kassasystem | 6 | 454 878 | 94 427 |
| Bilar/transportmidlar | 6 | 828 158 | 838 599 |
| Samlingar | | 200 000 | 200 000 |
| Sum varige driftsmidlar | | 30 196 344 | 27 941 456 |
| Sum finansielle anleggsmidlar | | | |
| Innskot COOP | | 3 112 | 3 112 |
| Eigenkapitaltilskot KLP | | 501 002 | 418 901 |
| Matfatet Jæren BA | | | |
| KulturIT AS | | 200 000 | 200 000 |
| Sum finansielle anleggsmidlar | | 704 114 | 622 013 |
| Sum anleggsmidlar | | | |
| | | 30 900 458 | 28 563 469 |
| OMLØPSMIDLAR | | | |
| Varelager | 9 | 1 160 784 | 1 007 194 |
| Kundefordringar | | 411 390 | 917 547 |
| Meirverdiavgift | | 1 657 342 | 444 504 |
| Andre kortsiktige fordringar | | 1 138 447 | 936 317 |
| Sum fordringar | | 3 207 179 | 2 298 368 |
| Sum omløpsmidlar | | | |
| | | 71 739 434 | 71 483 208 |
| Sum egedelar | | | |
| | | 102 639 892 | 100 046 677 |

Balanse

| | Note | 2015 | 2015 |
|-----------------------------------|------|--------------------|--------------------|
| EIGENKAPITAL | | | |
| Grunnkapital | | 200 000 | 200 000 |
| Fond vedlikehald | 11 | 4 946 572 | 4 946 572 |
| Fond prosjektavsetning | | 7 150 000 | 6 150 000 |
| Annan eigenkapital | | 7 216 095 | 6 321 766 |
| Sum eigenkapital | | 19 512 667 | 17 618 338 |
| GJELD | | | |
| <i>Ubrukte øymerka midlar</i> | | | |
| Ubrukte midlar, byggetrinn 1 og 2 | 1,3 | 22 497 496 | 23 187 329 |
| Andre øymerka tilskot | 3 | 39 894 589 | 43 075 423 |
| Sum ubrukte øymerka midlar | | 62 392 085 | 66 262 752 |
| Sum gjeld | | | |
| | | 83 127 225 | 82 428 339 |
| Sum gjeld og eigenkapital | | | |
| | | 102 639 892 | 100 046 677 |
| KORTSIKTIG GJELD | | | |
| Vennelaget | | -1 494 | 410 |
| Leverandørgjeld | | 6 087 984 | 2 940 901 |
| Skuldig skattetrekk | | 1 308 961 | 1 202 936 |
| Skuldig arbeidsgjevaravgift | | 824 993 | 1 324 502 |
| Skuldige feriepengar | | 4 213 098 | 3 463 277 |
| Påløpt løn | | 1 271 369 | 1 007 657 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 78 999 | 139 383 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 13 783 910 | 10 079 066 |
| Sum gjeld | | | |
| | | 83 127 225 | 82 428 339 |
| Sum gjeld og eigenkapital | | | |
| | | 102 639 892 | 100 046 677 |

Nærbø, 24.02.2017

| | | |
|---|---|---|
|  Arne Norheim Styreleiar |  Jonas Skrettingland Nestleiar |  Ingve Berntsen |
|  Kristine Enger |  Frode Fjeldsbo |  Staale Grude Haaland |
|  Inglen Haugland |  Torbjørn Hovland |  Ørjan Zazzera Johansen |
|  Helle Kristiansen |  Kari Vevatne |  Stanley Wirak |
|  Målfrid Snørteland Direktør | | |

Notar

NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskap 2016 er sett opp i samsvar med rekneskapslova, god rekneskapsskikk og forskrifter om rekneskapsføring.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er postar som forfell innan eit år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knytter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurdert til det lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på tidspunktet for opptak.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskostnad. Ved varig verdifall vil anleggsmidlar bli nedskrivne til verkeleg verdi. Langsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Vedlikehald

Kostnader til vedlikehald blir ført fortløpande. Oppgradering skal vurderast som investering og aktiverast.

| NOTE 2 – TILSKOT TIL DRIFTA | 2016 | 2015 |
|--------------------------------------|-------------------|-------------------|
| Kulturdepartementet KUD | 17 050 000 | 16 714 000 |
| Kystverket Samferdselsdepartementet | 1 214 000 | 1 178 666 |
| Rogaland fylkeskommune | 8 359 860 | 8 112 000 |
| Kontingent frå stiftarkommunar | 2 703 567 | 2 595 743 |
| Vertskommunetilskot frå kommunar | 7 605 984 | 8 896 428 |
| Forskningsrådet, vitensenterdrift KD | 6 000 000 | 5 300 000 |
| Sum tilskot | 42 933 411 | 42 796 837 |

| NOTE 3 – ØYREMERKA TILSKOT PROSJEKT | 2016 | 2015 |
|---|-------------------|-------------------|
| Næringslivet/bedrifter | 5 262 500 | 2 262 500 |
| Kulturdepartementet (KUD) | 24 707 500 | 15 062 500 |
| Kulturrådet | 1 428 000 | 530 000 |
| Rogaland fylkeskommune | 7 149 000 | 3 731 000 |
| Kommunar/anna offentleg | 660 530 | 195 144 |
| Private gåver/inntekt* | 214 236 | 473 997 |
| Stiftelsen til fremma av jordbruket i Nærbo | 150 000 | 400 000 |
| Renteinntekter m.m | 1 109 673 | 520 899 |
| Totalt | 40 681 439 | 23 176 040 |

*Dette inkluderer følgjande bidragsytare: Statoil, Forus Næringspark, Eni Norge, Statnett, Exxon Mobil, Øglænd Industrier, Sandnes

Sparebank , Figgjo AS, Stiftelsen Lindesnes Fyrmuseum, Haskoli Island, Lyse, Danske Bank, Vitenfabrikkens venner.

Overførte prosjektmiddel

| | | |
|------------------------|-------------------|-------------------|
| Tilskot | 40 681 439 | 23 176 040 |
| Brukt | 17 827 278 | 10 975 854 |
| Ubrukte tilskot | 22 854 161 | 12 200 186 |

IB 2016:

| | | |
|--------------------------------------|-------------------|-------------------|
| Bygg Vitengarden 01.01.16 | 23 187 329 | 23 877 162 |
| Øymerka tilskot 01.01.16 | 43 075 424 | 30 117 579 |
| Sum IB 01.01.16 | 66 262 753 | 53 994 741 |
| Oppgjer byggetrinn II Vitenfabrikken | -26 750 000 | |

| | | |
|--------------------------------------|-------------------|-------------------|
| Korrigert for avslutta prosjekt 2016 | 25 171 | 67 826 |
| Ubrukte tilskot 2016 | 22 854 161 | 12 200 186 |
| Overført til 2017 | 62 392 085 | 66 262 753 |
| Bygg Vitengarden 31.12.16 | 22 497 496 | 23 187 329 |
| Øymerka tilskot 31.12.16 | 39 894 589 | 43 075 424 |

Notar

| NOTE 4 – ANDRE INNTEKTER | 2016 | 2015 |
|------------------------------|----------------|----------------|
| Refusjon diverse utlegg | 363 674 | 319 738 |
| Kundeutbytte | 91 252 | 134 006 |
| Jordbruksinntekt | 62 207 | 36 575 |
| Gevinst avgang anleggsmidlar | 12 482 | 24 000 |
| Arbeidspraksis NAV | 107 111 | 9 268 |
| Diverse | 34 306 | 18 154 |
| Totalt | 671 032 | 541 741 |

| NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER | 2016 | 2015 |
|--|-------------------|-------------------|
| Spesifikasjon personalkostnader | | |
| Lønskostnader | 32 429 450 | 31 048 571 |
| Honorar | 170 956 | 135 083 |
| Arbeidsgjevaravgift | 4 623 212 | 4 668 813 |
| Pensjonskostnader | 5 374 772 | 6 184 278 |
| Personalforsikring | 144 388 | 135 488 |
| Andre personalkostnader | 414 549 | 318 822 |
| Totalt | 43 157 327 | 42 491 055 |

Løn til dagleg leiar utgjorde kr. 900.000

Honorar til styreleiar kr. 50 000

Det er ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit for lån til direktør, styremedlemmar eller tilsette i stiftinga.

Spesifikasjon av pensjon

Stiftinga Jærmuseet sitt pensjonsansvar er dekket med tenestepensjonsordning i Kommunal

Landspensjonskasse KLP. Ordninga er i samsvar med krav om tariffesta tenestepensjon.

Pensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda si yting, gir ein samla bruttopensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Ordninga sikrar uførepensjon på same nivå, og omfattar ektefellepensjon og barnpensjon. Tilsette har rett til AFP.

Tal for pensjonskostnad og pensjonsforpliktelse iflg. NRS-berekning 2015 KLP:

| Medlemsstatus: | 2016 | 2015 |
|---|--------|--------|
| Tal aktive | 126 | 114 |
| Tal oppsette | 93 | 76 |
| Tal pensjonar | 12 | 11 |
| Gj.sn.pensjonsgr.lag | 243540 | 254149 |
| Gj.sn.alder | 35,86 | 36,39 |
| Gj.sn. tenestetid | 5,43 | 5,51 |
| Forventa gjenstående tenestetid, aktive | 8,55 | 10 |

Notar

| Netto pensjonskostnader | 2016 | 2015 |
|--|------------------|------------------|
| Opptening | 4 954 051 | 5 446 687 |
| Rentekostnad | 1 081 591 | 958 182 |
| Brt. pensjonskostnad | 6 035 642 | 6 404 869 |
| Forventa avkastning | -970 961 | -828 578 |
| Adm.kostn/rentegaranti | 219 283 | 223 894 |
| Nto. Pensjonskostnad | 5 283 964 | 5 800 185 |
| Arb.gj.avg. nto. pensj.kostnad inkl adm.kost | 745 039 | 817 826 |
| Estimatavvik inkl. arb.g.avg. | | 457 561 |
| Netto pensjonskostnader | 6 029 003 | 7 075 572 |
| -herav arb.gj.avg. estimatavvik | | -56543 |

| Pensjonsskyldnader | 2016 | 2015 |
|---|------------------|------------------|
| Påløpne pensjonsskyldnader | 39 607 699 | 42 523 642 |
| Pensjonsmidlar | 31 681 214 | 28 965 829 |
| Nto. skyldnad før arb.g.avg. | 7 926 485 | 13 557 174 |
| Arb.gjevaravgift | 1 117 634 | 1 911 562 |
| Nto. Skyldnad inkl arb.g.avg. | 9 044 119 | 15 468 736 |
| Estimatavvik | -2 086 672 | -8 796 418 |
| Estimatavvik arb.g.avg | -294 219 | -1 240 294 |
| Netto pensjonsmidlar/ -skyldnad inkl. arb.g.avgift | 6 663 228 | 5 432 024 |

| Grunnlag for utrekningar | 2016 | 2015 |
|---------------------------------|-------|--------|
| Diskonteringsrente | 2,6% | 2,7 % |
| Forventa lønsvekst | 2,5% | 2,75 % |
| Vekst grunnbeløp folketrygd | 2,25% | 2,5 % |
| Forventa pensjonsregulering | 1,48% | 1,73 % |
| Forventa avkastning fondsmidlar | 3,6% | 3,2 % |

NOTE 6 – VARIGE DRIFTSMIDDEL

Jærmuseet har næringslivsforsikring med dekning for skade på publikum, eigarar og driftstap.. Våre bygg er fullverdiforsikra. Premiegrunnlag for hovudbygget på Nærbø er kr. 94.735.000. For våre andre eigedommar var premiegrunnlaget i 2016 totalt kr. 24.990.000.

| | BYGNINGAR | | |
|---------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | Trinn 1 | Trinn 2 | Sum |
| Bokført 01.01.16 | 11 107 149 | 11 824 992 | 22 932 141 |
| Avskrivning 2016 | 370 239 | 319 594 | 689 833 |
| Kostpris 31.12.16 | 18 511 918 | 15 979 718 | 34 491 636 |
| Tot.nedskr. pr. 31.12.16 | 10 736 910 | 11 505 398 | 22 242 308 |

Varige driftsmiddel i tabellen er hovudsakleg finansierte med offentlege tilskot.

Notar

Eigedom som er finansiert med offentlege midlar kan ikkje danna grunnlag for pant til lån utan samtykke frå kulturdepartementet. Den kan heller ikkje omsetjast i den vanlege eigedomsmarknaden.

| | Inventar/ utstyr | EDB-utstyr/ system | Transport- midlar | Bygg og anlegg | Sum |
|-------------------------|---------------------|-----------------------|----------------------|-------------------|------------------|
| Bokført 01.01.16 | 1 272 572 | 94 428 | 838 595 | 2 603 717 | 4 809 312 |
| Tilgang 2016 | 1 963 292 | 518 632 | 259 676 | 1 118 827 | 3 860 427 |
| | | | | | 0 |
| Ord. avskrivning | 331 054 | 158 181 | 270 116 | 156 339 | 915 690 |
| Bokført 31.12.16 | 2 904 810 | 454 879 | 828 155 | 3 566 205 | 7 754 049 |

Jærmuseet nyttar kr. 50.000,- som nedre beløpsgrense ved vurdering av balanseføring kontra resultatføring av varige driftsmiddel. Det vert nytta lineær avskrivning.

| NOTE 7 – KJØPTE TENESTER | 2016 | 2015 |
|--------------------------------------|------------------|------------------|
| Innleigd arbeidskraft Science Cirkus | 615 028 | 374 789 |
| Prosjektleiar Sikringsplan | 399 852 | 205 835 |
| Prosjektleiar Klima | 368 599 | 183 792 |
| Anna innleigd konsulenthjelp | 291 757 | 154 981 |
| Div tenester | 209 000 | 118 463 |
| Resepsjonstenester Garborgsenteret | 161 624 | 116 828 |
| Konsulentkjøp vedr anbud | 128 921 | 103 984 |
| Honorar for juridisk bistand | 118 151 | 88 246 |
| Revisjonshonorar | 115 075 | 63 596 |
| Konsulentkjøp datasystem | 63 664 | 59 184 |
| Postbod | 62 348 | 49 201 |
| Vakthald/guiding temamuseum | 52 000 | 46 713 |
| Arkitekttenestar | 48 420 | 30 795 |
| Konsulentkjøp personalhåndbok | 51 362 | 14 910 |
| Total | 2 685 801 | 1 611 317 |

Godtgjersle til revisor: Revisjonshonorar utgjer i 2016 NOK 62 348

| NOTE 8 – ANDRE DRIFTSKOSTNADER | 2016 | 2015 |
|-----------------------------------|----------------|----------------|
| Møteutgifter/representasjon/gåver | 185 753 | 220 601 |
| Kontingentar | 244 797 | 205 250 |
| Utllegg med refusjon | 166 480 | 159 334 |
| Publikasjoner/dokumentasjon | 79 500 | 81 425 |
| Renter, gebyr og valuta | 67 618 | 72 689 |
| Kostnader gardsdrift | 116 832 | 73 110 |
| Total | 860 980 | 812 409 |

Notar

NOTE 9 VARELAGER

Varelageret som består av ferdigvarer, er opptalt pr. 31.12.2016 og verdien er vurdert til inntakskost.

NOTE 10 BUNDNE MIDLAR

Av totale bankinnskott på kr.67.371.471,- utgjør kr.1.308.961,- bundne skattetrekkmidlar, ubrukte midlar byggesteg 1 kr. 255.188,-, byggesteg 1 VF kr. 2.516.435,- og byggesteg 2 VF kr. 1.170.096. Vidare er det kr. 36.208.058,- i andre bundne midlar øyremerka konkrete prosjekt.

NOTE 11 AKSJER

Jærmuseet eig 200 aksjer pålydande 1000,- per aksje i KulturIT AS.

NOTE 12 EIGENKAPITAL

4.946.572,- av egenkapitalen er sett på eigen konto og merka framtidig vedlikehald. Kr. 7.150 .000 er sett av til prosjekt.

Til styret i stiftelsen Jærmuseet

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for stiftelsen Jærmuseet som viser et overskudd på kr 1 894 329 og består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømoppstilling for det avsluttede regnskapsåret, og noter til regnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende regnskapet til stiftelsen i det alt vesentlige utarbeidet i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er ytterligere beskrevet i avsnittet om «*revisors oppgaver og plikter ved revisjon av regnskap*» i vår beretning. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med de etiske kravene som er relevante for vår revisjon av regnskapet i Norge, og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Ansvar til ledelsen og de som har overordnet ansvar for styring og kontroll for regnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide regnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av regnskapet er ledelsen ansvarlig for å vurdere stiftelsens evne til fortsatt drift, og skal opplyse om, alt etter omstendighetene, forhold knyttet til fortsatt drift og bruke forutsetningen om fortsatt drift, med mindre ledelsen enten har til hensikt å avvikle stiftelsen eller ikke har noe annet realistisk alternativ enn å avvikle stiftelsen.

De som har overordnet ansvar for styring og kontroll er ansvarlige for å føre tilsyn med stiftelsens finansielle rapporteringsprosess.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av regnskap

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at regnskapet totalt sett ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men er ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene alltid vil avdekke eksisterende feilinformasjon som kan være vesentlig. Feilinformasjon kan skyldes misligheter eller feil

og er å anse som vesentlige dersom de, enkeltvis eller samlet, rimelig kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som treffes av brukere på grunnlag av dette regnskapet.

Som del av en revisjon utført i samsvar med ISA-ene utøver vi profesjonelt skjønn og opprettholder profesjonell skepsis under hele revisjonen. Vår oppgave er også å:

- Identifisere og vurdere risikoene for at regnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon som skyldes enten misligheter eller feil; utforme og gjennomføre revisjonshandlinger for å håndtere disse risikoene, og innhente tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for ikke å avdekke vesentlig feilinformasjon som skyldes tilsiktede feil er høyere enn risikoen for ikke å avdekke feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, ettersom tilsiktede feil kan involvere fordekt samarbeid, falskning, tilsiktede utelatelser, uriktig fremstilling eller overstyring av den interne kontrollen.
- Opparbeide seg en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll.
- Vurdere hensiktsmessigheten av regnskapsprinsipper som er brukt, og rimeligheten av regnskapsestimater og tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen.
- Konkludere på riktigheten av ledelsens bruk av forutsetningen om fortsatt drift og, på grunnlag av innhentet revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger en vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftelsens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det foreligger en vesentlig usikkerhet, skal vi i vår revisjonsberetning gjøre oppmerksom på de tilhørende tilleggsopplysningene i regnskapet eller, dersom disse tilleggsopplysningene er utilstrekkelige, gi uttrykk for en modifisert konklusjon. Våre konklusjoner bygger på revisjonsbeviset som er innhentet frem til datoen for vår revisjonsberetning. Fremtidige hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at stiftelsen avviker driften. Vi kommuniserer med dem som har overordnet ansvar for styring og kontroll om blant annet det planlagte omfanget og tidspunktet for revisjonen samt revisjonsfunn av betydning, herunder eventuelle vesentlige mangler i den interne kontrollen som vi identifiserer under vår revisjon.


Konklusjon om utdelinger og forvaltning

Basert på vår revisjon av regnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi at stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Stavanger, 24.02.2017
Rogaland Revisjon IKS




Cicel T. Aarrestad
Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor



BILETETEKST – FRAMSIDE

- [1] Kulturminister Linda Hofstad Helleland i vindmaskinen på Vitengarden saman med skuleelevar. Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet
[2] Nytt kumlokk i Sandnes, designa av Turi Gramstad-Oliver. Foto: Jan Inge Haga
[3] Garborgløypa ved «All denne fagre utsyn» (Hugo Frank Wathne), Knudaheio. Foto: Garborgsenteret
[4] Under Arendalsveka gjekk Magne Hognestad frå Science Circus og Tor Inge Rasmussen frå Sørlandet vitenseter først i paraden!



BILETETEKST – BAKSIDE

- [1] SLAM! vart arrangert av Garborgsenteret på Thime Station og slo godt an.
[2] Konsert og stemning på Tungenes fyr. Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune
[3] Spannande med utstillinga på Vitenfabrikken. Foto: Harald Pettersen, Statoil/AP


Stiftinga Jærmuseet er regionalt vitensenter for Sørvestlandet og regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

– møtestad mellom natur, kultur & teknologi

www.jaermuseet.no



- 1 VITENGARDEN
- 2 VITENFABRIKKEN
- 3 TUNGENES FYR
- 4 NASJONALT GARBORGSENTER
- 5 GARBORGHEIMEN
- 6 KNUDAHEIO
- 7 HAUGABAKKA
- 8 VARDEN SJØREDNINGSMUSEUM
- 9 KRIGSHISTORISK MUSEUM
- 10 FLYHISTORISK MUSEUM SOLA
- 11 VISTNESTUNET
- 12 GRØDALAND
- 13 LIMAGARDEN
- 14 HÅ GAMLE PRESTEGARD,



JÆRMUSEET sitt hovudkontor ligg på Vitengarden, Nærbø.
Besøksadresse hovudkontor: Kviavegen 99, Kvia, Nærbø
Postadresse: Postboks 250, 4367 Nærbø
Sentralbord: 47 77 60 20
Epost: post@jaermuseet.no

 [youtube.com/jaermuseet](https://www.youtube.com/jaermuseet)

 [#jaermuseet](https://www.instagram.com/jaermuseet)

 [facebook.com/jaermuseet](https://www.facebook.com/jaermuseet)

www.jaermuseet.no